
Masfjordingen

*Frøyset, Sandnes og Solheim sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune.*

Nr. 1 - november 2020



Pris til Masfjordbrua



Spleis 30 års-jubileumskonsert



Masfjorden får dagsturhytte

Gudstenester

02.februar

Fjon fjellkyrkje kl.12.00

Gudsteneste v/ Sundsbø/Lyngset

I samband med konfirmantleir til

Masfjordkonfirmantane

Nattverd

9.februar

Sandnes kyrkje kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø/Lyngset

Nattverd

Takkoffer til Familie og Media

23. februar

Granneheimen kl.11:00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer NMS Norsk misjons selskap

1. mars

Frøyset kyrkje kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Det norske misjonsselskap NMS

08. mars

Sandnes kyrkje kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Care Norge

22. mars

Solheim kyrkje kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Barnevakten

29. mars

Sandnes kyrkje kl.11.00

Samtalegudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Barne og ungdomsarbeidet i

Masfjorden

9. april, skjærtorsdag

Sjukeheimen kl.12.00

Gudsteneste v/ Sundsbø/Lyngset

Nattverd

Takkoffer Fjon fjellkyrkje

9. april, skjærtorsdag

Fjon fjellkyrkje kl.16.30

Gudsteneste v/ Sundsbø/Lyngset

Nattverd

Takkoffer Fjon fjellkyrkje

10. april, langfredag

Solheim kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Rådet for psykisk helse

12. april, påskedag

Sandnes kl.11.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer NLA høgskulen

12. april, påskedag

Frøyset kl.19.00

Gudsteneste v/ Sundsbø

Nattverd

Takkoffer Redd barna

Avlidne

14.12.2019 Kristen Solheim f 1940

7.01.2020 Olga Aslaug Gjerde f. 1930

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



Markering av 50-årskonfirmantane i Masfjorden

Det er eit jubileum som soknerådet i
Masfjorden ønskjer å markera i

**Sandnes kyrkje, pinsedag, sundag 31.mai
klokka 11.00.**

Etter gudstenesta vert det middag, kaffi og
kaker på Sandneskaféen for dei som ønskjer
det.

Der vil det bli rom for å møta att gamle
vener, mimra litt, og så vil det vera eit enkelt
program.

Me vonar at så mange som mogleg frå
konfirmantkullet 1970 ønskjer å delta på
markering av 50-årsjubileumet for
konfirmasjonen – me har i alle fall veldig lyst
til å gjera litt stas på dykk denne dagen!
Invitasjon kjem i posten i løpet av februar.

Venleg helsing soknerådet i Masfjorden

**Rune Garman
soknerådsleiar**

**Harald Sundsbø
vikarprest**

Hallo frå Spania!

Kjære alle saman – håper det går fint med dykk!

Fekk spørsmål om eg kunne skriva til Masfjordingen, så her kjem ei lita helsing – eller reisebrev frå sydlegare strøk!

At det er sydlegare strøk er det ingen tvil om. Overgangen frå Masfjordfjell, regn, vind og vestlandsk natur, til palmesus, strender så langt augo kan sjå, varmegrader og sol som får fram fleire fregner enn eg visste eg hadde – ja, den overgangen er stor. Men eg må seia at det er deilig å gå ut døra om morgonen og forventa sol ikkje regn!

Kvardagen her er for så vidt som i Noreg, på mange måtar. Det er jobb, fritid, Netflix, trening, sosialt. Ja, det vart fort kvardag. Dei lange dagane me såg for oss ved bassenget har det vore få av, men kvardagen her er fin.

Jobben er gjevande, slik den òg var i Masfjorden. Det er det fine med å vera prest; det er ein veldig meningsfylt jobb. Eg møter mange gode menneske. Nokre er innom kyrkja for å få seg ein vaffel eller henta lokalavisa, andre sit eg lenge og pratar med. Nokon er faste travarar som eg får klem av kvar gong eg ser dei. Gudstenestene er eit viktig samlingspunkt for mange. Det er stas! Ein reknar med at det bur mellom 20.000 og 30.000 nordmenn her i sesongen (september – november, og februar til april). Mange av desse har sterk tilknytning til Sjømannskyrkja – på mange ulike måtar! Så desse møter eg på i gudstenester, på kulturarrangementa som er på kyrkja, på den store torsdagsbrunchen me har her, og på heilt vanlege kvardagar. I tillegg er det ein del bryllaup, og nokre gravferder. I tillegg driv kyrkja her eit stort, diakonalt arbeid. Difor er eg ein del involvert i ulike sosialsaker og diakonalt arbeid.



Så er heldigvis ein stor del av jobben min å delta i barne- og ungdomsarbeidet. Det er to dagar i veka med ungdomsklubb for ulike aldrar. Det er kjekt å vera med barn- og ungdom!

Livet er veldig fint i Spania og me kosar oss veldig! Det er fine byar i området, mykje å sjå og oppleva, og det er fryktelig deilig å sitja på terrassen og lesa ei bok i sola.

Likevel saknar eg sjølv sagt Masfjorden og alle de fine folk eg har vorte kjend med og glad i.

Tenkjer ofte på dykk og eg håper verkeleg de har det bra! Det har vore nokre kjende fjes innom kyrkja her, og det er så kjekt!! Håper de vil ta turen innom og eta ein vaffel viss de er i området!

Varme klemmar frå
Tone Marit





BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt, og blei slukt av ein kval!


Teikning: Chiara Bertelli



Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?

Teikning: Chiara Bertelli



Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill
abonnement

på Sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00




Gamle Tobias hadde køyrt bil i alle år. No hadde han fått seg nye briller, og kom skjelvande heim til kona. – Før eg fekk desse brillene gjekk alt så bra i trafikken. Men no kjem jo bilene frå alle kantar!

VITSAR

Det var haust i Edens hage. Plutselig kom eit fikenblad virvlande i vinden. – Sjå Adam, ropte Eva. – Ein usynleg mann!

Kryssord



1. Noko vi et lørdagskvelden.
2. Noko du får i bursdagsbesøk, med glasur på.
3. Eit dyr som seier ho-ho, og flyr om natta.
4. Noko skuleelevar må gjere på ettermiddagen.
5. Maria rei på eit
6. Etter kveld er det
7. Ikkje spaghetti, men bolognese.
8. Ein fisk som kan gje støyt.
9. Teikningar på kroppen som ikkje går vekk.
10. Ikkje eit barn, men ein u...
11. Små, kvite korn som vi kokar i posar til middag.

Kryssord laga av
Mariel Haugsdal Reknes

Har du lyst å laga eit kryssord, skriva noko som du har lyst å få med i bladet. Ikkje nøl! Send det til oss. Sjå baksida for adresse.

Tårnagentar



Alle i Masfjorden som fyller 8, 9 eller 10 var velkomne til tårnagenthelg i Solhiem kyrkje 18. og 19. januar. Det er nok mange som ikkje har fått med seg invitasjonen som stod i Masfjordingen før jul og vart delt på facebook utpå nyåret.

Dei som kom fekk utfordringar med å koma seg inn til kyrkja, finna ut kvar bankelydane kom frå, finna dei bortgøymte skattane og korsa. Eit kors forsvann inn i vegg på kyrkja! Fann bibelvers i bibelen og løyste kryssord med dei, åt pizza i kortrappa og fekk sjå blide av Gud sitt skaparverk. Gud skape menneske i sitt bilete var ein av tekstane me fekk høyra. Så skreiv dei bønner til søndagens gudsteneste saman med Harald som også song med oss.

Her er utsagn frå to av deltakarane. Oliver synest det kjekkeste var å spikre kors og leike gøymespel i kyrkja. Men det blei litt for lite tid. Medan Niklas synest det kjekkaste var laserstrålane som var laga med tau, og at dei lagde lyd når dei kom borti taustrålene.

Bratte trapper, mørke rom og tårn var ganske spanande. Kjekt var det å ringja med klokkene. Når klokka kom i sving letta ho gjerne dei som heldt fast i tauet!

Kvelden avslutta me med bøn og lystenning rundt lysgloben. Forts. neste s.





Søndagen var det konfirmantane som ringde til gudsteneste. Nokre av tårnagentane førebudde bønnevandring og gjekk i prosisjon.



Ved døypefonten fekk me høve til å teikna eit kors til minne om dåpen eller be ei stille bøn.

Fargelagde papirblomar opnar seg etter ei tid i vatn og openbarer eit bibelvers.



Takk for ei fin stund i kyrkja som vart avslutta med kyrkjekaffi og quizz av konfirmantane.

Tekst og foto: Helga Ekehaug, trusopplærar



Tidligere trusopplæringstiltak

Mi eiga kyrkjebok, med vandring og undring for 4-åringane i Frøyset kyrkje.



Lys våken for 11-, 12- og 13-åringar

Dette er ei helg for tre årskull i Masfjorden. Det handlar om å vera våken for det som skjer inni oss, for dei nærmaste rundt oss og for heile verda ikring oss. Denne laurdagen tok me del i fakkeltog, songar og lysfesten på Frøyset. Her er nokre glimt frå samlinga på lysfesten, lystenninga i kyrkja og dramatiseringa av ein bibelteksten i gudstenesta 1. søndag i advent.



Lys våken vert i 2020 lagt til midten av november og skal vera i Solheim kyrkje.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar

Foto: Vilde Marie Haukeland m.fl.



Det var nettopp slik det endte: Det ble jul allikevel

(Fritt etter Astow Eriksson: Julekveld iskogen)

Vår kjære kyrkjelydsmusikar er for tida ute i permisjon. Det er når orgelkrakken står tom at ein verkeleg får kjenne på kor viktig musikken er for gjennomføringa av gudstenester og andre samlingar i regi av kyrkja.

Heldigvis har vi hatt gode folk til å vikariere. Johannes Lyngseth har vore ein flittig nytta akkompagnatør, både på orgel og klaver, og også andre har teke sin tørn ved orgelkrakken når det var trong for det.

Men det såg svart ut for tonefylgjet julaftan. Då er det tradisjonelt tre gudstenester i Masfjorden – ei på sjukeheimen, ei i Frøyset kyrkje, og ei i Solheim kyrkje. Alle tre stadane er oppmøtet godt, noko som tyder på at desse gudstenestene er kjærkomne innslag i julefeiringa for mange. Men julesong utan tonefylgje, kan det gå an?

Heldigvis slapp vi å finne det ut, for situasjonen vart løyst på ein god måte. Og løysinga vart

dugnad. På sjukeheimen og til dels i Frøyset kyrkje vart det eit enkelt pianoakkompagnement til songar og liturgi. Heldigvis vart Nordbygda skulekorps med på notane i Frøyset kyrkje, og dei gjorde ein flott innsats med å spele til dei fleste av songane som vart sungne. Dei vart takka av med applaus frå dei som var til stades, og det fortente dei verkeleg.

På Solheim stilte dei med eige band. Dette er omtala ein annan stad i bladet.

Det er god grunn til å takke korps og band for at dei var med og gjorde at dei planlagte gudstenestene vart så fine som dei vart.

Og så må det vere lov å seie at desse gudstenestene vart fine døme på at vi verkeleg kan få til bra ting når vi står saman om dei. Kan hende vi skulle tenkje på om vi kunne gjere litt dugnadsarbeid i og for kyrkja vår fleie gongar? Behovet er der – ikkje berre for tonefylgje.

Rune Garmann
leiar, Masfjorden sokneråd

Julaftan i Solheim kyrkje



Jul med forventningar, pynt og juletre- glitter og stas, god mat, familielykke og presangar.
Mi forventning til gudstenesta julaftan, er å finna, og kjenna på den rette julestemninga
og syngja julesongar til orgelbrus.

Korleis skulle det gå til i år, når det ikkje hadde lukkast å få tak i vikar for organisten denne julaftan?
Ferdig med julevask, førebuing av julemat og oppkledd i finklede, bar det innover fjorden.

Det gjorde godt å koma inn i kyrkja og sjå kjende og ukjende.
Ei oppleving av fellesskap, å høyra til noko større.



Eg beit meg særleg merke i det prest Sundsbø sa, om at
Gud sin son vart fødd i ein stall med høyr til pute.
-Noko så stort i noko så enkelt.

Det er ikkje dei ytre rammene som er viktige.
Det store er gjerne å finna i det små.
Kjende og kjære salmar fylte Solheim kyrkja denne
julekvelden, naturleg og vakkert akkompagnert av folk
med tilknyting til Solheim sokn.

Ståle Daae - gitar og slagverk,
Marta Daae Rafoss- tangenter og forsongar,
Amatheia Brown og Embla Brown Dyrkolbotn – forsongar,
Sebastian Brown – gitar,
Svein Bjørn Dyrhovden- bass,
Amalie Duesund -tverrfløyte,
Dina Dyrhovden – lyd.



Soknerådet i Masfjorden hadde fått i
stand ei framifrå musikalsk løysing!
I lag med kyrkjelyden i ei flott kyrkje,
vart det ei fin og stemningsfull
gudsteneste denne julaftan!

Helga Ekehaug



Kyrkje- og klokketårn innbyr til fred medan det ljomar over bygdene ikring kyrkja. For inne i tårnet er Marit Steinestø godt i gang med jobben å få sving på klokkene.



Gudstenesta vart avslutta med klokkeringing i ein time, frå kl. 1700. Marit Steinestø ringjer første del og Åse Marit Kalhovd tek siste økt.

Juleevangeliet i barnehagane

Alle tre barnehagane fekk besøk av trusopplærar Helga og vikarprest Harald før jul. Dei veksla mellom å fortelja og dramatisera forteljinga om då Jesus vart fødd.

I Sandnes barnehage hadde dei med seg høy som borna fekk lukta og kjenna på. Korleis ville det ha vore å hatt høy til pute? Dei fekk sjå på gull, lukta på røykjelse og vera «vitne» til

Josef og Maria som kom til stengde dører i Betlehem. Dei fekk høyra bodskapen englane kom med, som har vort sunge ulike stader i verda i 2000 år.

Eit barn kunne fortelja at det heiter «gjøta», det som Jesusbarnet vart lagt i.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar



Glimt frå skulegudstenestene

Frøyset kyrkje

Gudsteneste for heile skulen.

Før jul pleier skulen alltid å ha skulegudsteneste i kyrka.

Der spelte korpset, og alle klassane sat saman med lærarane sine. Presten prata og me song. Korpset spelte med på songane, og orgelet var også i gang. Det er alltid kjekt og reise på tur med skulen og lære litt andre ting. Nokre av oss tente lys og leste adventsvers. 6.klasse hadde laga eit bilete av Jesusbarnet, Maria, Josef, dei visemennene og englar som song. Dette var ein koseleg dag. Me gleder oss til neste gong.

Tekst: Mariel Haugsdal Reknes (10)

Sandnes kyrkje

Dagen starta med at kyrkjeklokkene ringde i ein minutt. Etter det så song vi. Heile gudstenesta var ganske kjekk å vere med på. Nokon av oss hadde nokre små oppgåver gjennom gudstenesta, som å tenne lys eller å ta bilete. Det var ganske gøy å delta. Vi song mykje i kyrkja og fekk høyre om då Jesus vart fødd. Det vart litt styr med powerpointen, men det såg ut som at presten fekk kontroll etterkvart. Dei i skulemusikken var veldig flinke til å spille og gjorde at heile gudstenesta var berre koseleg og fin.

Tekst og foto: Soliana Andvik og Celine Naree Fredheim

På bilde øverst syng Madelein Andvik Strand, Andrea Fjellby og Andreas Nordland Mitt hjerte alltid vanker.

**Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme
velsignet julenatt!**

F.v. Erlend Lathi, Adrian Vestervik



På bildet er dei som tente lys, saman med presten. (F.v) Iver Reknes Molland, Tiril Matre, prest Harald Sundsbø, Mariel Haugsdal Reknes, Patrick Andre Palmer Andersen.



Til høgre: Teikningane som borna hadde laga hang på benkene i midtgangen så alle fekk sjå dei. Her i Sandnes kyrkje.

Under: Born på alle skulane hadde laga teikningar frå juleevangeliet. Presten viste til fleire av desse i preika si. Han tok dei også tok med seg i preika på julaftan.

Matre skule

Midten og nederst til høgre tenner elevar ved Matre skule lys til forbøna.

F.v. Ulrik Vågseth og Sivert Kvamsdal Håvåg.

Foto: Eirik Dahle.



Nytt frå kyrkjekontoret

Etter at kyrkjevevja har sagt opp si stilling har det vore lyst ut stilling både som kyrkjevevje og sekretær på kyrkjekontoret. Søknadsfristen var 17. januar. Med tre søkjarar håpar vi på å få tilsett nokon ganske snart.

Kyrkjetenaren i Frøyset kyrkje, Kolbjørn Reknes, har også sagt opp si stilling.

Stillinga som sokneprest i Masfjorden vert utlyst på nytt og me vonar på tilsetjing i løpet av våren.

Tekst: Kyrkjevevja

Vi kjem ikkje utanom Mammon...

I skrivande stund er ein i gang med å leggje siste hand på Masfjorden sokneråd sitt budsjett for 2020. Når dette vert lese, er truleg arbeidet unnagjort og budsjettet vedteke.

Det er eit budsjett med tydelege føringar og trange rammer. Ikkje at det er særleg grunn til å klage over rammene – Masfjorden kommune er heller raus med midlar til kyrkjelege oppgåver, samanlikna med mange andre kommunar. Personleg tolkar eg dette som eit uttrykk for eit ynskje om og ein vilje til å leggje til rette for folk skal ha tilgjenge til kyrkjelege tenester når dei ynskjer eller kjenner behov for dette. Men det er likevel ein ikkje liten skilnad mellom det ein gjerne skulle ha fått gjort, og det ein har midlar til å få gjennomført.

For den økonomiske situasjonen til kyrkja fordrar tydelege føringar for disponering av midlar: Dei siste åra er det gjort eit stort og godt – og ikkje minst: naudsynt – arbeid med å ta vare på kyrkjene og kyrkjegardane våre. Mange oppgåver har vore kostbare å løyse, og dette har ført med seg at ein over tid har brukt noko meir pengar enn rammene eigentleg skulle tilseie at ein kunne.

Dette er ein situasjon som ikkje kan vare, og budsjettet for 2020 inneheld både grep som skal få ned nokre av kostnadane, og i tillegg gi litt meir inntekter enn tidlegare.

Grep som skal få ned kostnadane vil i stor grad gå

på korleis arbeidet i kyrkja vert organisert. Den nye organiseringa til eitt sokn opnar for å sjå litt på korleis ulike oppgåver kan løysast mest mogleg rasjonelt. Målet må vere å få gjort mest mogleg innan dei bemanningsrammene ein i dag har, utan at dette skal gjere arbeidskvardagen for dei tilsette unødig tung.

Når det gjeld å auke inntektene, kan ein gjere dette på to måtar: Ein kan regulere prisen på tenester ein alt i dag tek betalt for. Festeavgifter, til dømes. Ein kan begynne å ta betalt for bruk av kyrkjene sine lokalitetar, til dømes i samband med konsertar, eller dersom personar utanbygds frå ynskjer å nytte ei av kyrkjene, til dømes til å gifte seg i.

Og endeleg kan ein sjå om det er mogleg å arrangere dugnadar i tilknytning til kyrkjer/kyrkjegardar. Avhengig av føremål for dugnaden kan inntektene denne genererer til kyrkja framstå som reduksjon av utgifter eller auke av inntekter.

Medan dette vart skrive, var ingen ting avgjort. Når dette vert lese, har truleg Fellesrådet vedteke eit budsjett som føreset at ein del av dei økonomiske tiltaka som er skissert over, vert gjennomført. Det er mi von at de som kjem til merke konsekvensane av dei vedtekne tiltaka, har forståing for kvifor dette vart gjort slik.

Rune Garmann
leiar i sokneråd/fellesråd

Trusopplæring våren 2020

Dåpsskulane startar oppatt i februar/mars i alle krinsane (tidligere tre sokna). Dei skal vera i kyrkjene Frøyset og Sandnes medan i Solheim kyrkjekrins vert den i barnehagen på Matre etter stengetid. Slik årskulla er for 5- og 6-åringane vil dåpsskulen invitera begge kulla til å vera med! Detaljar kjem i facebookgruppene. Me ynskjer å tilby litt mat, og dugnadsfolk er kjærkomne. Velkomen!

Samtalegudsteneste: Konfirmantane inviterer alle til å vera med på gudstenesta som dei sjølve leier. Kom til **Sandnes kyrkje søndag 29. mars 2020 klokka 11:00.**

Lucia på kommunehuset

Kvitkledde barnehageborn med lys i handa, Lucia med krans på hovudet, vakker song i mørkret og korgene fulle av lussekattar som høgtideleg vart servert alle dei som høyrde på . Slik var det då barnehagen på Sandnes markerte Luciadagen med besøk på kommunehuset fredag 13. desember. I resepsjonen var det fint pynta, juletreet var kome på plass og dei tilsette hadde teke seg tid til ein liten Lucia- pause i førjulstria.

Luciadagen er til minne for den heilage Lucia. Ho leid ifølgje legenda martyrdøden under kristendomsforfølgingane i Romerriket tidleg på 300-tallet. I Norden er feiringen blanda saman med den gamle norrøne Lussi-tradisjonen.

Takk til barnehagen som skapte flott førjulsstemning på kommunehuset. Og sjølv om det denne dagen var fredag 13. såg alt ut til å gå fredeleg og oppskriftsmessig føre seg.



Tekst og foto: Redaksjonen

Pris til Masfjordbrua

Masfjordbrua vart tildelt 1. pris i klassen for bedriftsbidrag under arkitektkonkurransen som vart arrangert i regi av pepperkakelandsbyen på Vidsyn , Sløvåg. Det er «Arkitekt- og entreprenørfirmaet Kantinegjengen» heimehøyrande på kommunehuset i Masfjorden, som står bak det spektakulære byggverket.

-Me er utruleg stolte av byggverket, og over at vårt bidrag gjekk heilt til topps, seier dei to direktørane i «AEK», Hege Molland Søvik og Tone Haugsvær til heimesida.- Byggjeprosesen var krevjande, men samstundes svært lærerik. Særleg sette dei nye byggjematerialane oss på prøve, men me nådde land, for å seia det slik, avsluttar dei.

Dei fortel vidare at firmaet har nye, store byggeprosjekt på gang, men dei ønskjer førebels ikkje å røpa noko om kva, kvar og korleis.

Utmerkinga vart feira med rosande talar, helsingar og boblevatn i stettglas under lunchen på tenestetorget.



Konkurransen var delt inn i fleire ulike klassar. Prisen for beste private bidrag gjekk også til Masfjorden. Vinnarbidraget, «Nissen i Skjelsundet på pakketur» er laga av Olai, Oskar- Andreas, Emil André, Ole -Martin, Marlene, Jon Helge, Ida Helene, Olvar og Marcus. Me gratulerer!

Tekst og foto: Brunissen

Masfjorden får dagsturhytte!



Kommunane i Hordaland fekk i haust invitasjon til å søkja om tilskot til Dagsturhytte frå fylkeskommunen. Dette er ei vidareføring av suksessen i Sogn og Fjordane, der alle dei 26 kommunane i tidsrommet 2017-19 har fått ei slik hytte. Reknes byggjevare har vore leverandør av hyttene som er bygd i Masfjorden, før dei har blitt frakta til stadane der dei skal monterast.

I møte 21. november vedtok kommunestyret at Masfjorden skulle søkja midlar til hytte. Det vart samstundes løyvd kommunal del av spleiselaget som må til for fullfinansiering.

Masfjorden har no fått tilskot til dagsturhytta!

Prosjektet er eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og kommunen. Hordaland fylkeskommune yter kr 200 000 i tilskot. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane gir tilskot kr 100 000. Prosjektet er spelemiddelberettiga og 1/3 av dei samla kostnadane vert henta herifrå, etter søknad frå kommunen. Den kommunale andelen er kr 100 000 + grunnarbeid.

I det vidare arbeidet mot realisering av hytta er det viktig med gode prosessar og brei medverknad. Kommunen har utfordra Idrettsrådet til å samordna dette arbeidet, med

god involvering av lag, organisasjonar og institusjonar i kommunen.

Kommunen ønskjer spesielt at saka kring lokalisering vert drøfta , og at det kjem ei tilråding frå idrettsrådet til kommunen innan 1.mars 2020, basert på dialogen som har vore med lag og organisasjonar.

Hytta bør i utgangspunktet plasserast nært ein av skulane våre, slik at elevar og born også kan nytta denne i skuletida.

Det er og viktig at aktuelle grunneigarar er positive til å få ei slik hytte på sin eigedom.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak på kvar hytta skal plasserast. Målet er at hytta skal stå klar i 2021.

Her kan du lesa om dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane:

<https://www.sfj.no/dagsturhytta-no.477114.nn.html>

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Magnar Egil Øren Gangsø

I møte 21.11.19 vedtok kommunestyret denne prioriterte handlingsplanen for komande år:

A. Ordinære anlegg

1. Rehabilitering friidrettsanlegget, Nordbygda
2. Varmestove Stordalen
3. Turveg Haugsvær- Matre
4. Turveg Amundsbotn- Sandnes barnehage
5. Interkommunal fleirbrukshall
6. Turveg Indre Haugsdal
7. Rydda og merka samanhengane stigar i fjellområda mellom Andvik og Indre Haugsdal
8. Rehabilitering utandørs skytebane, Fjon skyttarlag
9. Lysløype/turveg på Sleire

Det vert arbeidd med å få sendt inn søknad for følgjande tiltak i 2020:

Friidrettsanlegget ved Nordbygda skule
(Risnes IL, Masfjord fotballag, Masfjorden kommune)

Anlegget treng rehabiliterast.

Varmestove ved skitrekket

(IL Bjørn West, Masfjorden kommune)
Nybygg er ønskeleg.

Tursti, Kvingo

(Nord- Kvinge grendalag)

Tiltakshavar har alt fått støtte kr 400 000 frå Gjensidigestiftelsen og kr 100 000 frå Sparebanken Vest til prosjektet og har såleis eit svært godt økonomisk grunnlag for fullfinansiering. Turstien vert opparbeidd med grus og lys. Søknad om spelemidlar er alt sendt.

B. Nærmiljøanleg

1. Turstigar på Bakken/Kvingo
2. Dagsturhytte
3. Ballbinge ved Skjelsundet
4. Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
5. Miniaturskytebane Nordbygda
6. Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
7. Orienteringskart ved skulane

Dagsturhytte

(Masfjorden kommune)

Dagsturhytter er ei fellessatsing for heile nye Vestland fylke, med gunstige vilkår for fullfinansiering.

Sogn og Fjordane har no fått slike hytter i alle kommunane. Kommunen har motteke til saman kr 300 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Masfjorden kommune har vedteke eigendel kr 167 500.

Hytta vil bli fullfinansiert gjennom kr 333 000 i spelemidlar og momsrefusjon.

I tillegg veit me at fleire lag er i startgropa med planlegging av andre tiltak på lista.

Det er for tida eitt nærmiljøanlegg i prosess. Dette gjeld sandvolleyballbana i Skolten, Sør Kvingo. Bana vil stå ferdig våren 2020. Skolten Vel har fått kr 70 000 i spelemidlar til dette prosjektet.

Tekst og foto: Frank Kvinge

MOT til å glede- dansedag på Nordbygda skule



Fredag 6. desember inviterte MOT i Masfjorden alle elevane frå 8. -10. trinn i kommunen til ein gøy, sosial og lærerik dansedag. Kurshaldar «Rocke-Rolf» var i storslag, og hadde eit supert danseopplegg med dei flotte ungdommane våre! Det var god stemning, mange glade ansikt og høg deltaking gjennom heile dagen! Takk til helselaga og kulturskulen som legg til rette for slike supre dansedagar.

Tekst og foto : Merethe Engelsen

Kirkens SOS

Ønsker du å gjøre en forskjell for mennesker som trenger en å snakke med, og samtidig utvikle dine ferdigheter som medmenneske?

Kirkens SOS er Norges største krisetjeneste på telefon, chat og SOS-melding. Nå søker vi flere medarbeidere som kan være til stede når noen trenger et medmenneske. Hos oss vil du lære å se, støtte og styrke mennesker i krise. Du finner mer informasjon om å være medarbeider i Kirkens SOS her:

<https://www.kirkens-sos.no/bjorgvin>

Her finner du også kursprogram og søknadsskjema. Når vi får søknaden din avtaler vi en inntakssamtale der du får



vite mer om hvordan det er å være medarbeider hos oss. Du får løpende veiledning og oppfølging så lenge du er medarbeider.

Du kan også sende en epost til bjorgvin@kirkens-sos.no, eller ring oss på 55 32 58 45 / 941 83 654 for mer informasjon. Første kurskveld mandag 10. Februar fra 17:00 til 20:00

Juletreff i Granneheimen

Fredag 27. desember arrangerte styret i Granneheimen den årlege juletreffesten for bygdefolket. Denne er ein fest og tradisjon som har blitt arrangert på Kvingo (sør) kvar romjul i snart 100 år.

Festen denne ettermiddagen opna med at Gro Marit ønskte alle hjarteleg velkomen. Ho sa mellom anna at det denne dagen ikkje var innslag frå kulturskulen, så me måtte sjølv stå for all song. Ho introduserte talar for dagen – Magnhild Dyrdal – og før ho starta var det allsong. Me klarte oss ganske godt utan tonefølgje.

I talen fortalde Magnhild om førebuingane og julefeiringa i Dyrdalen i den tida ho vaks opp for 60-70 år sidan. Dei måtte mellom anna planlegga og laga maten om hausten og ungane måtte vera med. Juletreet vart sendt frå besteforeldra på Stall, det var julepresangen frå dei. Treet vart pynta av ungane etter kl. 17.00 på julaften, foreldre tok fjøsstellet – dei tok seg litt ekstra god tid sidan det var julekveld og dyra skulle få litt ekstra. Til middag var det alltid fisk denne dagen. Som oftast var dei i kyrkja på Myking andredag, fordi det var for langt å reisa til Lindås førstedag. I kyrkja sat damer og menn på kvar si side i rommet. Ein gong fekk Magnhild lov å sitja med faren sin, då fekk han kjeft. Oftast var ungane med faren til gudstenesta, fordi mor var heima og passpå besteforeldra og stod for matlaging. I den tida var det ikkje straum i Dyrdalen.

Etter talen samla me oss i kjellaren for eit måltid med spissa skiver. Når maten var komen i magen, bar det opp igjen for litt trim, med andre ord juletrengang. Me song «Så går vi rundt en enebærbusk» og andre tradisjonelle julesongar. Det vart litt spørsmål rundt den siste songen «Deilig er jorden», om den skulle syngast på nynorsk, og til slutt vart det sagt at me skulle synge på riksmål.

Det var som vanleg ei triveleg stund i Granneheimen, men lite folk denne romjulettermiddagen.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger



«Sjølvstendig, trygg og aktiv»

Masfjorden kommune ynskjer å gje innbyggjarane og brukarane i helse- og omsorgstenesta eit framtidsretta og berekraftig tenestetilbod og vil difor tilby førebyggjande helsetiltak og velferdsteknologi som ein naturleg del av tenestetilbodet.

Velferdsteknologi er eit felles omgrep for tekniske produkt som bidrar til auka sjølvstende og meistring av eige liv, sjukdom og helse.

Om du skal ha velferdsteknologi, og kva for ein type du treng, vil vera avhengig av behova dine og ynskja du har for å kunne klare deg sjølv.

Velferdsteknologi skal ikkje erstatte naudsynte tenester, men vere eit viktig supplement og hjelpemiddel til eit meir sjølvstendig liv. Det kan vere ei hjelp ved sjukdom og nedsett funksjonsevne, anten du er ung eller gammal.

Døme på teknologi kommunen kan hjelpe deg med:

GPS- lokalisering. Kan gjera det lettare å vera aktiv når hukommelsen sviktar, og pårørande kan vita kvar du er.

Tryggleiksalarm. Ved å trykkje på ein knapp kan du tilkalle hjelp.

Medisineringsstøtte er hjelp til å hugse å ta medisinar.

Førebyggjande helsearbeid:

- Trening med Motitech-syklar
- Førebyggjande heimebesøk er eit møte der ein saman ser på tiltak i heimen som kan gjera kvardagen lettare og tryggare.
- «Heimetrening for kvardagshelse» er rettleiing til korleis du kan trenast heime.
- «Trening for alle» er fellestrening i kvar del av kommunen ein gong i veka.

Kommunen har som mål at alle innbyggjarar som ønskjer det, skal kunne bu heime i eigen heim, kjenne seg trygge, oppleve livskvalitet og ivareta god helse, lengst mogeleg. For nokon, til dømes eldre og personar med funksjonsnedsetting, er dette mogeleg ved at ein blant anna tilpassar bustaden ein bur i.



Og så er det mange ting ein kan gjere sjølv:

- Fjerne småtepper og legge sklisikring under andre teppe
- Sikre godt lys og god lysstyring
- Antiskli-matte i dusjen
- Seng og stolar som er enkle å komme inn og ut av. Eventuelt sengeklossar eller spesialmøblar
- Dusjkrakk
- Støttehandtak i til dømes i dusj, ved toalett og seng
- Røykvarslarar
- Komfyrvakt

Husbanken og NAV kan hjelpe med tilskot og lån i samband med tilpassing av eigen bustad. Det fins ein rekke teknologiske løysingar ein kan gå til innkjøp av sjølv, eller få støtte til gjennom NAV.

Det er laga ei brosjyre der du kan lesa meir om desse tilboda. Brosjyren finn du på kommunen si heimeside:

<https://www.masfjorden.kommune.no/aktuelt/nyheiter/sjolvstendig/>

Tekst: Åse Elin Solheim, ressursperson for velferdsteknologi i Masfjorden kommune

Vi ønskjer fleire med på laget

Er du engasjert, god på å gje omsorg og har tid til å hjelpe barn og familier i ulike livssituasjonar? Då er det kanskje nettopp deg vi ser etter.

Støtteperson

Vi ønskjer fleire støttepersonar til familiar som av ulike grunner har behov for hjelp til å følgje opp barn på fritidsaktiviteter, gje barn gode opplevingar og andre små oppdrag knytt til det enkelte barn sine interesser og behov. Du bør vera 18 år og disponera bil.

Besøksheim/støttefamilie

Nokre barn har behov for ei anna heim dei kan besøke med jamne mellomrom. Det kan vere alt frå ei overnatting midt i veka til ei helg i månaden. Som besøksheim/støttefamilie kan du bidra til at barnet får positive opplevingar og lærer å knyte seg til andre trygge vaksne- med relasjonar som liknar besteforeldre, tanter og onklar, og som kan vare over tid.



Leksehjelp

I samarbeid med Byrknes skule ønskjer vi personar som kan hjelpe nokre elever med lekser rett etter skuletid to dagar i veka. For spørsmål, ta kontakt med rektor, Helge Pedersen(57781711) eller leiar i barneverntenesta, Jane Hesjedal (57782061/99792109).

Tar du på deg eit av oppdraga, må du levera inn politiattest. Løn og godtgjering etter gjeldande satsar.

For meir informasjon om dei ulike oppdraga ta kontakt med Jane Hesjedal (57782061/99792109), leiar for Gulen og Masfjorden barnevernteneste.

Trening for alle

Treng du hjelp for å komme i gong med å bli litt meir fysisk aktiv?

Masfjorden kommune ønskjer å leggja til rette for førebyggjande folkehelsearbeid. Helseavdelinga har starta opp med eit lågterskeltilbod innan fysisk aktivitet. Vi har treningen ein dag i veka i kvar sone.

Målgruppe: Alle som ønskjer å koma i meir fysisk aktivitet. Dette gjeld uansett alder og kva utgangspunkt du har. Klokkeslett, dag og møteplass er lik kvar gong.

Oppmøtestart veke 3.

- Hosteland Måndag kl 08.30 ved fotballbana.
- Kvinge Tysdag kl 08.30 ved busstoppet ved Kvingedals vannet.
- Haugsvær Torsdag kl 08.30 ved butikken.

Kvar økt varer i om lag ein time. Det blir ein kombinasjon av tur og lett styrketrening. Treninga vil føregå ute, så kle deg etter ver og føreforhold.

Hugs gode sko.



Håper me ser DEG der.

Dette er eit gratis tilbod og det er ikkje påmelding.

Ta kontakt dersom du har spørsmål.

Dersom du treng skyss, skal me sjå kva me klarer å få til.

Monica Rongved (sjukepleiar)

mob.nr.: 408 01 647,

Lene R. Danielsen (fysioterapeut)

mob.nr : 474 66 356.

«Det er den draumen»

Eg står i ei lue på Litle Sleire, gard 9, bruk 2. Det er den første adventshelga i 2019, og naturen har velsigna oss med det rette julestemningsveret: Bakkane og trea er dekkja av glitrande puddersnø og gradestokken viser eit par grader minus. I handa held eg ein kopp varm kakao, og samstundes som eg nyt aromaen og smaken av drikken, prøver eg å ta inn alle dei andre inntrykka som sansane her vert bombarderte

med. Same kvar eg snur meg, er her måltid for augo: På veggjar, gamle bord, på benkar og i skap er der utstilt vakre, handlaga ting i harmonisk samspel med gamle gjenstandar og husgeråd frå garden. Her er flotte kransar i naturmateriale, godslege nissar kikkar fram frå krokane, elegante englar i papir står klare til å sveva ut i rommet, du finn lys, små krukke med honning og andre godsaker og mykje, mykje meir. Så er her ei heil,



lita «kjøkenavdeling» som bognar av godsaker som lefser, sveler, julekaker både av det tradisjonelle og litt meir utradisjonelle slaget, noko til å kjøpa med deg og noko til å nyta der og då saman med kakao, kaffi eller julegløgg. Også her finn augo mange velkjente, gamle saker å kvila auga på: Mjølkespann, ein gammal kaffikjele, veggur, åkle, primstav og jamvel ei bokhylle med gamle bøker er noko av det som har fått plass. Bak disken står blide og imøtekomande hjelparar av vertskapet, svarer på spørsmål og finn det du måtte ynskja av salsvarer.

Medan eg står her midt i rommet, pratar med folk og lurar på kva eg skal kjøpa med meg heim, ser eg brått at nokon forsvinn bak eit forheng rett ved sida mi. Forviten føl eg etter, og der inne opnar det seg eit rom i rommet med nye skattar, det aller meste her i tekstil og skinn, gamalt og nytt om einannan. Mange av dei nye plagga er heklearbeid produserte av Elisabeth Sleire, syster til vertinna på Litle Sleire 9.2. Men her er også

flotte spælsauskinn, garn og strikkeplagg av heimespunnen ull og gamle, broderte dukar og andre tekstilar, alt vakker sett saman og presentert.

Etter å ha observert, handfare, prata og spurt så lenge at kakaoen min er vorten nesten kald, snur eg meg mot døropninga att, og augo mine tek inn den idyllen som eg berre for nokre minutt sidan spaserte gjennom for å koma inn i varmen. Ute i snøen leikar to- og firbeinte både for seg sjølve og saman. Her er ein godsleg gardshund, bak eit nettinggjerde kaklar fargerike høner, eit par spælsauvêrar bak eit anna gjerde ser undrande på alt som skjer rundt dei, og heile tre kattar vert observert smygande ikring. Knitringa og ljoksen frå ei bålpanne og fleire faklar er med på å skapa inntrykk av varme og liv også ute i vinterdagen. Og jammen kjem der ikkje ei ung jente leiande med ein fullt oppsala hest, klar til å ta besøkjande med på ridetur! Alt dette medan stadig fleire gjester kjem vandrande inn i tunet.

Det har budd folk på garden Litle Sleire 9.2. sidan 1500 -talet. Noverande eigarar er Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel. Garden har vore i deira eige frå 2003, men det var først i 2007 at dei saman med dei tre døtrene sine flytta frå Vik i Sogn for å driva bruket som har vore i slekta til Tove Kristin sidan 1837. Heilt sidan dei overtok garden, har familien, med gardskona i spissen, vore oppteken av å forvalta denne arven på best mogleg måte. I det ligg eit ynskje om å ta vare på bygningar, gjenstandar, inn- og utmark så vel som tradisjonar, aktivitetar og kunnskap om gardsdrift både ute og inne, og vidareutvikla dette. Det er også eit uttalt ynskje frå Tove Kristin at desse verdiane og kunnskapane må delast, slik at fleire kan læra å setja pris på den arven seinare generasjonar har tufta liv og velstand på. Med innsatsvilje, pågangsmot og kreativitet har ho dermed klart å realisera både ordninga «Inn på tunet» og det eg får oppleve denne dagen, «Julekråna».

Julekråna har no vore skipa til fem år på rad. Lenge før den tid hadde Tove Kristin ei førestilling som låg og vogga i tankane hennar: Eit idyllisk småbruk som møtestad før jul med fokus på historie, kultur, tradisjon, tid og nærvære. Men for å få det til, med alle dei komponentane som trengst, må der samarbeid til, på same måte som ei tradisjonell gardsdrift alltid krev samarbeid. Med god hjelp frå familie, ikkje minst ektemann og døtrer, men også naboar og bygdefolk elles, vart idéen første gong realisert i 2015, og har sidan den gong vore ein fast førjulstradisjon, med litt nye vriar og tilbod kvart år. M.a. har det no i tre år på rad vore arrangert «Eventyr på låven» som ein del av Julekråna. Tenk deg ein låve full av gamle ting der ein får sitja tett inntil kvarandre på benkar dekkja av saueskinn, og i kveldsmørket og ljosken frå bålpanna får høyra spanande forteljingar frå eldre tid der realisme og magi går hand i hand. Her er det vertinna sjølv som ved hjelp med sitt formidlingstalant og fantasi, kunnskap og interesse for tidlegare tider, klarer å trollbinda publikum. Stemninga og opplevinga vert ikkje mindre av at det dukkar opp ein kar med trekkspel som spelar glade tonar eller av at ein eldre kall med topphue som gjerne held til på slike låvar, brått er ein del av forsamlinga. Dei to første åra med «Eventyr på låven», vart dette skipa til same kvelden som sjølve Julekråna. I år høvde det av fleire grunnar å ha denne samlinga kvelden før, det vil seia fredagen. Det viste seg å vera retteleg vellukka, låven var full av både store og små som ville høyra og sjå. På det viset vart kvelden starten på ei innhaldsrik førjulshelg på Nordbygda: Fredag eventyrstund



på Litle Sleire 9.2, laurdag på dagtid Julekråna same stad, om kvelden lystenning av julelønna på Frøyset der både ordførar og Nordbygda skulekorps tradisjonen tru deltok, før helga vart avrunda med korpset si julemesse på Nordbygda samfunnshus. Frøyseth Gardsmat heldt også ope laurdag på dagtid i same tidsrom som Julekråna. Tidlegare år har også Atelier Treskhuset rett over hovudvegen, der ein får kjøpt nydeleg handverk i keramikk, vore ope samstundes. Av ulike årsaker høvde det ikkje for den bedrifta å ta del i dette samarbeidet i år, men eg vil tru dei kjem sterkt attende.

I det eg forlet gardstunet og kjem opp i hovudvegen for å setja meg i bilen att, gjer eg meg sjølv tid til å beundra den solide og vakre mjølkerampa som står både som ei velkomen – og «takk for no»-helsing der gardsvegen møter hovudvegen. Sjølv om denne er ny, snikra av Ingvar Sleire som har sterke slektsrøter på garden, står også denne i god gammal tradisjon. Ho er nemleg sett opp i nærleiken av der det stod ei rampe i tidlegare tider. Her tronar fleire fine, velhaldne mjølkespann som for høvet er utsmykka med vintergrønt og anna naturpynt og vert på den måten ein flott inngangsport til Julekråna og alt det spennande som ventar der. «Alt du drøymmer om til jul» har eg sett at både billegkjeder og dyrare butikkar reklamerer med no i førjulstida. Masse folk, bråkete musikk og masse juggel var det eg fann då eg tidlegare i veka var innom eit par slike butikkar. For min del håpar eg at riktig mange både denne jula og i seinare år vil oppleve at det er i slike lune krær som den eg nettopp har vitja, i samspel med natur, dyr og andre menneske, ein kan finna juledraumen. Du veit; ein slik draum som vert sitjande lenge i kroppen og som er med på å gjera dagen god.

Tekst og foto: Berit Lygre

Julemesse

Nordbygda skulekorps skipa til julemesse første søndag i advent.

Her var det berre å nyta alt det vakre og h ndlaga av lokale h ndtverkarar. Det var tradisjonelle m nster og nye kombinasjonar av matriale og utforming.

I kjellaren var det knakande god betasuppe og kaker. Det h vde ekstra godt for underteikna som kom rett fr  lysv ken og gudsteneste utan
kj kjekaffi.

Tekst og bilde:
Helga Ekehaug



Konsert i Knarvik kyrkje

Solveig Leithaug
saman med dotter
Kari Julianna og
Knarvik Gospel

i Knarvik kyrkje
fredag 13.mars kl 19.00

Billettar kan kjøpast p  nett p  TicketCo.no, eller ved inngangen. (Enkeltillett kr. 250, familietillett (med born under 16  r) kr 650

Sj  ogs  info p  Facebook/Knarvik Gospel



Rune Larsen til Vinterlys-konsert i Snikkarbua

Sj lvaste Rune Larsen er hovudattraksjonen n r kulturskulen i samarbeid med Snikkarbua og JMS Musikk  nskjer velkommen til Vinterlys- konsert **laurdag 25.januar kl 1800**. Konserten vert i **nyoppussa Snikkarbua p  Kvingo**.

I tillegg til Rune Larsen og medmusikarar deltek mellom anna songaren Anne Veddeng og pianovirtuos J rn Skauge.

Songkoret Spleis er med som koristar p  ein av songane p  Rune Larsen si siste plate, og resultatet av dette samarbeidet vil me f  oppleva p  konserten. I tillegg har koret si eiga avdeling. Kommunen v r har eit rikt kulturliv, med massevis av unge talent. Nokre av desse m ter me p  denne konserten. Det vert songinnslag ved Josefine Oppedal fr  Matre, Clara Brandt fr  Risnes og Isak Thorsheim Kvinge fr  Sandnes.  shild Andvik spelar althorn og framf rer saman med J rn Skauge. Og s  vil me m ta to unge, sprudlande representantar fr  vertskapet i Snikkarbua, Sofie (song) og Niklas (kornett). Alle desse er elevlar i kulturskulen som dette  ret rundar 40  r.

Det vert lagt ut 200 billettar. Det kan vera lurt   f rehandsbestilla. 415 66 227 / N rbutikken p  Kvingo.

Seinare p  kvelden spelar Never mind og Jon Martin Skauge opp til dans. Dette vert ei lokal, kulturell storhending! Me sj ast i Snikkarbua! **Velkommen!**

Tekst: Arrang ren



Minneord

Helse- og omsorgsleiar i Masfjorden Helga Irene Ellingsen døydde laurdag 21.desember, 50 år gamal.

Helga vart tilsett som sjukepleiar i Masfjorden kommunen i år 2000, og etter eit par år vart ho leiar på sjukeheimen vår, og har sidan hausten 2013 vore kommunen sin helse- og omsorgsleiar.

Helga engasjerte seg sterkt i arbeidet sitt, med fokus på dei tilsette sitt ve og vel, og at brukarane heile tida skulle få levert gode tenester.

Helga hadde stor arbeidskapasitet, var fagleg dyktig, utviklingsorientert, ured, resultatorientert med stor gjennomføringsevne.

Helga bidrog og svært aktiv i utviklingsarbeid som kom heile regionen til gode.

Helga var ein nær og god kollega, som er og vil bli sårt sakna.

Helga vart gravlagt 6. januar i Brekke kyrkje. Me lyser fred over Helga sitt minne.

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann



Redd barna og SOS barnebyer

Mellomsteget trør til!

1.desember var det duka for julemesse i Nordbygda samfunnshus. På førehand hadde sjuandeklassingane ved Nordbygda Skule gjeve gass, olja bakstekjevlet og laga ein haug med småkaker. Femte og sjetteklassingane tok stafettpinnen og tok seg av salet under julemessa på sundagen. Dei arrangerte basar til inntekt for Redd Barna. Salet gjekk strykande og alle kakeposane forsvann som varmt kveitebrød, bokstaveleg tala.

Suksessen gav meirsmak: På skulen bakte difor gjengen i femte, sjette og sjuande vidare. Kontaktærar for 6.klasse, Gunn Marit Tangedal, laga til tidenes gjærdeig som elevane bakte ut til over hundre lussekattar. Femte klasse steikte i tillegg ein svær haug med sveler. Kontaktlærar Gerd Ingunn Ynnesdal tok så sjuandeklassen med seg til SPAR Hosteland og selde unna sveler og gjærbakst for 3205 kroner den dagen. Inntektene gjekk til SOS Barnebyer. Det går unna når mellomsteget får olja bakstekjevlet!



Sara og Clara før salet

Tekst og foto: Alf H.Helland

Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjeverje: Kristine Bleikli
Kontortid måndag og fredag tel: 561662261
E-post kristine.bleikli@masfjorden.kommune.no
Privat 411 89 809

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tel 56166262, 91193612
e-post: helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar:
Harald Sundsbø
Tel: 95976864
e-post: h-sund@online.no

Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Likar du å tenna ljøs?

Kva gjer du med restane?
Lever stumpane inn på NMS gjenbruk i
Knarvik så får dei laga flotte nye ljøs!



NMS GJENBRUK
MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Stofffrist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar
etter fristen:

Måndag 16. mars
Måndag 25. mai

Noter desse datoane i årshjulet for din
organisasjon. Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige stunder
frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få
åtgaum og folk i bygdene kan få eit innblikk
i det som skjer.



Takk for julegåve til kyrkja!

Tusen hjarteleg takk til alle som gav ei julegåve til
kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden.
Vi set stor pris på det.

Du kan framleis gje ei gåve til kontonummer
3635.07.02738

Løysing på kryssord frå nr 5 i 2019

1. I kva by blei Jesus født?
2. I kva land var Kong David konge?
3. Kven var det Jesus ville skulle komma til han?
4. Kva dyr var det Jesus kom ridende på, på Palmesøndag?
5. Navnet på ein av dei fire evangelia?
6. Kva heitte den første kvinna på jorda?
7. Kor vaks Jesus opp?

Svar: 1. Betlehem, 2. Israel, 3. Barna, 4. Esel, 5.
Lukas, 6. Eva, 7. Nasaret. Løysingsord: Bibelen

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Formgjeving:
Mary Hope og Helga Ekehaug